

Det norske jentelaget

Sven-Olai Høyland

I ungdomsbridge blir det konkurrert i 3 klassar, Juniors (under 25), Schools (under 20) og Girls (jenter under 25). Ein fjerde klasse er under planlegging, Under 15. Dei siste åra har Norge alltid stilt lag for junior og skulelag, men berre to gonger jentelag og då har det vore etter initiativ frå interesserte spelarar.

I desember 2012 fekk eg spørsmål om eg kunne tenke meg å vere kaptein for jentelaget. Bakgrunnen var at Norge skulle arrangere Nordisk for ungdom på Hamar i påsken 2013 og (på det tidspunktet kanskje) EM for ungdom i Tromsø 2015. I begge desse meisterskapa ønska NBF å stille lag i alle klassar.

Eg må innrømme at eg var usikker på om vi kunne stille lag i Nordisk på så kort varsel. Det plar tross alt ikkje vere flust med jenter under 25 år på dei turneringane som blir arrangert, men etter å ha fått liste over aktuelle medlemmer frå NBF og ein del telefonar fann eg fem jenter som hadde lyst å satse fram mot 2015.

Namn	Alder	Heimstad	Bridgeklubb
Stine Frøyse	23	Vinstra	Ringebu/Fåvang BK
Charlotte Mikkelsen	20	Vestre Gausdal	Vestre Gausdal BK
Marte Haugen Klingen	18	Løkken Verk	Orkdal BK
Thea Hove Hauge	16	Os	Os BK
Sofie Græsholt Sjødal	11	Nesodden	Nesodden BK

Alderen er i januar 2014, slik dei var eit år yngre då. Som vi ser er fleire av dei svært unge og har mange år som ungdomsspelarar framfor seg.

Med på laget fekk vi også Rosaline Barendregt som coach. Rosaline kjem frå Nederland, men bur no i Bergen. Ho har spelt på det nederlandske jentelaget så seint som i 2011. Der var ho med å vinne 4 medaljar (1 gull, 2 sølv, 1 bronse) i EM for jentelag. Ho har vore nummer 2 i open EM for damepar og var før ho flytta til Norge aktuell for det Nederlandske damelaget. Nederland har eit av dei beste damelaga i Europa. Ho har også vunne fleire nederlandske meisterskap i mix og junior. I tillegg kjenner det internasjonale bridgemiljøet godt, så eg er svært fornøgd med å ha fått henne med på laget.

Ingen av spelarane spelar saman til vanleg. Vi utvikla eit felles system, slik at det er mulig spele i fleire kombinasjonar. Med fem spelarar er dette sjølvstøtt heilt nødvendig. Vi la opp til trening ein gong i veka på BBO.

NM for damelag 2013

Første test vart NM for damelag. Det var fleire av jentene som ikkje hatt møtt kvarandre før, så turneringa fungerte også som ei bli kjent samling. Korkje Rosaline eller eg hadde anledning å vere med, slik at mor til Sofie, Elisabeth Græsholt Sjødal, fungerte som kaptein. Resultatet vart over all forventning, delt 21. plass av 30 lag. Laget var faktisk over middels før siste kamp.



NM for damelag, foto Svein-Jarle Ludvigsen. Frå venstre: Charlotte, Thea, Marte, Stine og Sofie

Nordisk for jenter

Ved sida av Norge, var det berre Danmark som stilte i jenteklassen. Formatet på Nordisk er at først spelar alle ungdomslaga mot kvarandre. Dei nordiske U25 er svært sterke, så at det vart i underkant av 3 VP (av 60) mot desse laga var ikkje overraskande. Mot dei fire U20 laga vart det om lag 27 VP (av 80), der det også vart siger mot Finland. Vi tapte om lag 15 – 5 mot det danske jentelaget. Sidan det var berre to jentelag, vart det finale mot Danmark. Finalen vart spelt i tre omgangar på 16 spel. Før siste omgang var det heilt jevnt, men Danmark vant til slutt.

Spelarane lærte mykje og hadde godt humør under heile meisterskapet.

EM Jenter

Det var ikkje meininga å delta i EM for ungdom, men rett før påmeldingsfristen vart NBF kontakta av det Europeiske Bridgeforbundet som ba Norge stille lag i EM i Polen. Både Charlotte og undertekna hadde lagt andre planar, men Sofie, Thea, Marte og Stine kunne stille på kort varsel. Rosaline var kaptein og Elisabeth coach.

Det deltok 9 lag, så det vart spelt dobbel serie slik at det totalt vart 18 kampar. Vi vann 5 og spelte ein uavgjort. Dette var svært bra med tanke på at deltakarane er både unge og relativt urutinerte. Vi er dermed første reserve til VM for jenter som skal spelast i Tyrkia i august.



EM i Polen, frå venstre: Elisabeth (coach) , Marte, Stine, Sofie, Thea og Rosaline (kaptein)

Andre resultat i 2013 / 2014

Det beste resultatet i opne turneringar har Marte med sølv i NM Mixlag. Det er også verdt merke seg at Thea har gått til 4. runde i NM klubbtag og er enno ikkje utslått, berre 16 år. Både Stine og Thea spelar i 3. divisjon.

Hausten 2013/ Våren 2014

Gruppa vart utvida med to nye spelarar:

Katarina Ekren	16	Bergen	Bergen Akademiske BK
Thea Lucia Indrebø	15	Skien	KGB Klyve-Gulset BK

Jenter som ønskjer å satse litt målretta, er velkomne til å ta kontakt. Det er også mulig å tipse om aktuelle kandidatar.

Nyttårsturnering på Jessheim

Alle sju jentene stilte til start. Vi fekk med foreldra til Sofie, Elisabeth og Rolf, slik at vi kunne stille to lag. Fredag kveld hadde vi samling der vi gikk gjennom ein del bridgeteori. I tillegg hadde Tormod Røren som er kaptein for damelaget eit innlegg kva som skal til for å prestere sitt beste.

Det er sterke lag som deltek i denne turneringa, så ikkje uventa måtte vi kjempe eit stykke nede på resultatlista, men laga vann kampar og fekk nyttig erfaring.

Planar framover

Treningar på BBO

Vi har samling dei fleste søndagar kl 18 og onsdagar kl 19 på BBO. Der har vi gjerne litt teori og så spelar vi ein lagkamp. Deler av skulelaget deltek også.

Helga 18. og 19. januar

Alle spelar turnering. Fire deltek i Bergen Storturnering, to i KM lag i Gudbrandsal og ei i open mix par i Telemark.

NM damer lag

Alle deltek.

Påskan

Planane er ikkje heilt i boks, men det blir bridge!

VM for jentelag i Tyrkia

Som tidlegare nemnt er vi på første reserveplass for å delta i turneringa. Om vi får delta her, blir det heilt klart høgdepunktet i år.

Tankar til slutt

Det har vorte svært inspirerende å vere med å sjå stor framgang og stor iver blant jentene i gruppa.

Sven-Olai Høyland
soh@hib.no